



Dag Eirik Eikeland representerte SKL

Kor mange av dei 3 småkraftverka som no er planlagt bygd i Uskedalen vil få konsesjon? Det kan sjølvsagt ingen svara på i dag, men alle vil neppe få grønt ljøs og det er ingen tvil om at Børsdalsprosjektet ligg langt etter Tverrelva. Korleis Eikelva står i dette biletet er uvisst, men det er ei utfordring å kombinere det med omsynet til vassverk og turveg, Dette er noko av konklusjonen ein kan trekkja etter presentasjonen av prosjekta under møtet til Uskedalen Utvikling i Gamleskulen i kveld. Børsdalen og Tverrelva er SKL-prosjekt medan selskapet Elvekraft står bak Eikelvaprojektet. Både SKL og Elvekraft håpar optimistisk på konsesjon våren 2014.



Fredrik Marstrander representerte Elvekraft

Dag Eirik Eikeland frå SKL heldt fram at Tverrelva er eit av dei minst kontroversielle kraftprosjekt som kan tenkjast. SKL har no 5 småkraftverk i drift og 4 under byggjing. Eikeland peika på at rammevilkåra no ikkje er dei beste og eigedomsskatten er ein faktor som sleg uheldig ut.



[Fagerdalsvatnet skal regulerast med 5 meter](#)

Om dei to prosjekta kom han med ein optimistisk prognose som gjekk ut på konsesjon våren 2014 og drift 2 år seinare men la til at det ikkje var urealistisk med start først i 2017.


Det vart søkt konsesjon for Tverrelva i 2010 og for Børdsalselva året etter. Tverrelva får eit fall på 510 meter, vil produsera 19 GWh og kosta 65 millionar. Det betyr kr. 3,45 pr. kilowatt-time.



[Tverrelva er truleg det minst kontroversielle av prosjekta](#)

Prosjektet Børdsalselva får eit fall på 380 meter og kjem opp i 5 kroner pr. GWh som reknast som ein grensekostnad. Overslaget er på 78 millionar. Eikeland tok også fram fleire minusfaktorar: Det hekkar kongeørn i området og det er 2 mosesortar frå raudlista der.

Kjell Yri peika på at Børdsalsprosjektet er i eit stort naturområde heilt utan inngrep og det er viktig å unngå det også i framtida.



Skissa viser Eikelva-prosjektet og kor tilsiget kjem ifrå

Eikelva er det 7 med fallrettigheiter som står bak og prosjektet var i 2009 kalkulert til 25 millionar medan produksjonen er berekna til 6,5 GWh. Inntaksdammen er planlagt 800 meter ovanfor vassverket og det vert ei 1600 meter lang røyrgate ned til kraftstasjonen ved fylkesvegen.

Fredrik Marstrander presenterte planane for selskapet som har prosjekt over heile landet men har basen sin i Asker. Det blir ein betongdam eller fyllingsdam og røyrgata vil bli lagt på den andre sida av elva enn der turvegen går. Omsynet til vassverket vart naturleg nok eit tema under møtet og

Marstrander lova at selskapet vil 'sørge for at Uskedalen får det vatn som trengs', Vassverkleiinga stilte seg ikkje negativ men trudde på gjensidig tilpasning. Elvekraft opererer med ei minstevassføring.

Det var i det heile eit godt møte prega av mykje nyttig informasjon før det snart vert alvor i sakshandsaminga,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen